

Numedalslaget

NUMEDØLEN



Juni 2007

TILLITSVALGTE I NUMEDALSLAGET I OSLO 2007

Styret:

- Kasserar: Svein Aasen, Haugerudhagan, 58, 0673 Oslo) priv: 48 29 99 81
e-mail: svein.aasen@multiconsult.no
- Sekretær: Ragnhild Landerud, Kongeveien 45, 1412 Sofier priv: 66 80 64 32
e-mail: landerud@c2i.net
- Styremedl.: Bjørg Undebakke, Starvn. 76 A, 1088 Oslo priv: 97 75 40 18
e-mail: bjorg.tora.undebakke@nrk.no
Sigrid P Talleraas, Kittelsensv. 72, 1415 Oppegård priv: 90 01 99 70
e-mail: sigrid-p.talleraas@telenor.com
Lars Peder Larsgård, Jenshaugvn. 11, 1363 Høvik priv: 91 75 82 65
e-mail: lars.peder.larsgaard@multiconsult.no
- Varamedl.: Alf Åmot, Krokliveien 52, 0584 Oslo priv: 95 74 20 97
- Hyttestyre: Alf Åmot, Krokliveien 52, 0584 Oslo Priv: 95 74 20 97
Levor Traaen, Tillesløkka 13, 1349 Rykkin priv: 67 13 47 19
Olav Mogan, Nordstrandvn. 26, 1163 Oslo priv: 22 28 27 82
Knut Kjønås, Eirik Raudesv. 22D, 0196 Oslo priv: 41 33 42 00
- Folkedans gruppa: Leiar: Nils Øyvind Bergset, Ivan Bjørndalsgt. 4, priv. 41 63 95 67
0472 Oslo
Svein Aasen, Haugerudhagan 58, 0673, Oslo priv: 48 29 99 81
Birgit K. Friis, Vibes gt. 21B, 0382 Oslo Priv: 97 54 50 76
Kjersti Aasen, Erlendsvei 48, 0669 Oslo priv: 98 06 21 65
- Redaksjon
"Numedølen": Lars Peder Larsgård, Jenshaugvn. 11, 1363 Høvik priv: 91 75 82 65
Kjersti Aasen, Erlendsvei 48, 0669 Oslo priv: 98 06 21 65
Nils Øyvind Bergset, Ivan Bjørndalsgt. 4, 0472 C priv: 41 63 95 67
- Revisor: Aasmund Flo, Starvn. 76A, 1088 Oslo priv: 91 62 78 71
- Hedersmerke/
Fortjenestem: Jøran Stryse (tlf. 32 74 63 60) og Levor Traaen
- Lotterifond: Walborg Tuft, Lars P. Larsgård, Knut Kjønås
- Valkomite: Knut Kjønås, Kjersti Aasen
og Nils Ø. Bergset
- Fanevakter: Jøran Stryse og Svein Aasen

NUMEDALSLAGET

I OSLO



Aktivitetar i 2007:

Springarøving i Nordahl Brunsgt. 22 våren 2007
Gammaldans Østafjells konkurranse i musikk, Sigdal
Tur til Numedalshytta
Folkekulturfestival / årsmøte i NU, Oslo
Landskappleik, Geilo
Landsfestival i gammaldans, Vågå
Strunkeveko og Jørn Hilme stemne, Fagernes
Springarøving i Nordahl Brunsgt. 22 våren 2007

11/6 og 25/6
16. juni
24. juni
22. - 25. juni
27. juni - 1. juli
18. - 22. juli
23. - 29. juli
Frå 10. sept

Tur til Numedalshytta 24. juni 2007:

Det er folk på hytta fra kl. 11.00.

Ta med spekemat + vann, så koker vi rømmegraut.!

For meir informasjon: Kontakt Alf Åmot på telefon 95 74 20 97.

Bygdedans frå Numedal høsten 2007

Kurs/øving annankvar mandagskveld i Nordal Brunsgt. 22 frå kl. 19.00 til kl. 21.30.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset og spelemann Kenneth de Gala.

Oppstart: 10. september 2007.

For meir informasjon: Kontakt Nils Øyvind Bergset på mobiltelefon 416 39 567.

Elles er det fritt fram å kome med framlegg om nye aktivitetar.

www.numedalslaget.no

Årsmelding for Folkedansgruppa i Numedalslaget 2006

Folkedansgruppa har i 2006 vore leia av Nils Øyvind Bergset, og i tillegg har Svein Aasen, Kjersti Aasen og Birgit Kollandsrud Friis vore med. Vi har ikkje hatt egne møter, men gjer avtaler over telefon og når vi møtes på øvingane. Svein Aasen har representert laget på møter i Folkedansrådet og sit samstundes som medlem i folkedansnemnda i BLS.

Vi har hatt 19 ordinære øvingskveldar gjennom året, fordelt på 11 i vårsemesteret og 8 i haustsemesteret. Nils Øyvind Bergset har vore instruktør på øvingskveldane våre. Vi kallar kveldane for øving/kurs, og dei er opne både for gamle travarar og nybyrjarar. Instruktøren gir rettleiing til dei som treng det den fyrste timen, og så er det fritt fram for å praktisere det ein har lært etter pausa. Vi har også "dagens tema" denne fyrste timen. Her tek vi opp enkeltelement i dansen, slik som steg, svikt, særskilde turar, og diskuterer og prøvar ut. Vi startar kl. 19.00 og driv på til 21.30, med berre ei halvtimes drikke- og skravlepause. Vi dansar mest springar, men av og til gangar, springar med 2 fylgje og runddans.

Kenneth Hoskuldson de Gala spelar fast på øvingane, og vi er sers nøgde med å ha ein spelemann med lokal tilknytning. Vi har også hatt John Olav Lia som opprinneleg er telemarking som speleman på ei øving i haust.

Totalt sett har det vore 112 frammøter på øvingane, 18 færre enn året før. 18 ulike personar har møtt fram, 6 gutar og 12 jenter. 5 av dei frammøtte var under 26 år. Gjennomsnittleg oppmøte har vore 5,9 personar per øving, og dette er ein nedgang på nesten ein person frå året før. Det minste antal frammøter på ei øving var 4, og det meste var 9.

Folkedansgruppa har vore med som teknisk arrangør på folkedanskveldane. Det inneber å rydde lokalet og selge kaffe og vaflar. I tillegg har vi hatt minikurs i Numedalsgangar i pausa. På desse kveldane er det gamadansgruppa Husk som spelar, og to av medlemmene der kjem frå Veggli: Ole Runar og Bjørn Inge Bekkeseth.

Fleire av dei som er med på øvingskveldane er aktive kappdansarar. Par frå Numedalslaget var med på Markenskappleik på Kongsberg, Buskerudkappleik i Veggli, Jørn Hilme-stemnet på Fagernes og Oslokappleiken med gode resultat. Det viktigaste arrangementet i 2006 var som vanleg Landskappleiken som vart arrangert på Beitostølen. I år var instruktøren vår, Nils Øyvind Bergset, domar i dans på Landskappleiken.

I lagdans stiller vi saman med par frå Kongsberg og/eller Numedal. På Buskerudkappleiken stilte vi saman med par frå Numedal og vart nummer 3 av 4 lag. I lagdans på Landskappleiken stilte vi saman med par frå Numedal og vart nummer 21 av 39 lag. På Oslokappleiken vart vi nummer 3 av 3 i lagdans.

Oslo 15/2-2007

Nils Øyvind Bergset

Referat frå årsmøtet i Numedalslaget i Oslo 15.02.07

Tilstades: Nils Øyvind Bergset, Reidun Kjønås, Knut Kjønås, Ragnhild Landerud, Lars Peder Larsgård, Olav Mogan, Bjørg Undebakke, Svein Aasen.

Opning, konstituering

Svein Aasen opna møtet og ønske velkommen. Nils Øyvind Bergset blei valt til møteleiar. Reidun og Knut Kjønås blei oppnemnde til å skrive under protokollen. Ragnhild Landerud var referent. Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste.

Årsmelding.

Årsmelding 2006 blei lese opp av Ragnhild Landerud. Årsmelding for Folkedansgruppa blei lese opp av Nils Øyvind Bergset. Begge årsmeldingane blei godkjende.

Rekneskap.

Svein Aasen (kasserar) gjekk gjennom rekneskapen for 2006, underteikna av kasserar og revisor 08.02.2007. Kommentrar:

Rakefiskfesten gjekk med overskot dette året.

Årsmøtet ber styret undersøkje kvar ein kan få høgare rente på bankinnskot.

Depositum for hyttenøklar bør spesifiserast i balansen i rekneskapen neste år.

Rekneskapen for 2006 blei godkjent.

Medlemspengar

Styret må kunne auke medlemspengane slik at dei til kvar tid samsvarar med det vi må betale til BLS og NU. Årsmøtet vedtok følgjande:

Medlemspengar 2008 kan aukast til maks. kr. 300,- for medlemmer over 26 år, kr.150,- for medlemmar under 26 år, kr.150,- for bimedlemmar og kr. 75,- for medlemmar under 14 år

Innkome framlegg

Det kom framlegg om at styret må starte førebuing av 100-årsjubileet (2009).

Årsmøtet vedtok at følgjande personar er med i komite for Lagshistorie:

Knut Kjønås, Lars Peder Larsgård og Sigrid Prestmoen Talleraas. Levor Traaen og Svein Nørstebø blir bedne om å vere med.

Styret har ansvar for å arrangere jubileumsfesten.

Val

Årsmøtet gjekk til val på forslaga frå valkomiteen.

Styremedlemmane Bjørg Undebakke, Lars Peder Larsgård og Ragnhild Landerud tok attval.

Alf Åmot er nytt varamedlem. Birgit Kollandsrud Friis gjekk ut.

Lars Peder Larsgård tok attval i redaksjonen for "Numedølen". Sigrid Prestmoen Talleraas gjekk ut.

Kjersti Aasen er nytt medlem i valkomiteen. Olav Mogan gjekk ut.

Når det gjeld hyttestyret, folkedansgruppa, lotterifondet, hedersmerke/fortjenestemerke, fanevakter og revisor er det inga endring.

Liste over tillitsvalde 2007 er vedlagt.

Ragnhild Landerud (sign)
referent

Knut Kjønås (sign)

Protokollvitne

Reidun Kjønås (sign)

Protokollvitne

Årsmelding 01.01. – 31.12.2006

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.
Svein Aasen har vore kontaktperson til BLS og NU.
Tillitsvalde i 2006: sjå vedlagte liste.

I meldingsåret hadde laget 52 medlemmar, av desse var 7 under 26 år.
Det er 4 æresmedlemmar: Reidar Fønnebø, Svein Nørstebø, Jøran Stryse og Gunnar Ulbåsen,
og 1 livsvarig medlemskap: Valborg Dyrnes

Aktivitetar:

- I meldingsåret har det vore 3 styremøter / arbeidsmøter + årsmøte 16.02.
- Rakefiskfest på Røa Samfunnshus 28.01.
- På Lagshytta i Lommedalen var det bestemt hyggetur 18.06.
- Lagsavisa "Numedølen" kom ut med eitt nummer i mai
- Laget har eiga heimeside på internett. Kontaktperson har vore Lars Peder Larsgård
- Folkedansgruppa i laget har vore aktiv gjennom heile året. Sjå eiga årsmelding.

Rakefiskfest 28. januar 2006

Festen vart halden på Røa Samfunnshus
Det var 70 personar til bords, av desse var 55 fullt betalande
Attåt fisken var det både kling, mandelpotet, lauk og rømme.
Festen vart leia av Bjørg Undebakke
Festtalar var Eli Hovd Prestegården, ordførar i Nore og Uvdal
Musikken sto Traaens kvartett frå Rollag for.
Økonomi – sjå vedlagte rekneskap 2006

Dugnad og hyggetur til Lagshytta

Søndag 18.06. var det berre to personar som møtte opp, Levor Traaen og Olav Mogan.
Dei tok ei dugnadsøkt, og kosa seg i det fine veret.

Heimeside / e-post Numedalslaget i Oslo

Heimesida til Numedalslaget finn ein på www.numedalslaget.no
Eller på Numedalsweben under: lag/foreninger på nett (andre) www.numedal.net/
Numedalslaget har ikkje eigen e-post adresse lenger. Send heller e-post til eit styremedlem.

Numedalslaget i Oslo


TAP OG VINNINGSKONTO 01.01 - 31.12.2006

<u>Utgifter</u>		<u>Inntekter</u>	
Rakfiskfesten 2006	20 359,19	Rakfiskfesten 2006	27 093,50
Medlemspengar BLS/NU	10 400,00	Medlemspengar	12 750,00
Porto og administrasjon	1 172,00	Støtte	6 200,00
Folkedansgruppa	4 416,50	Gaver	660,00
Numedalshytta	1 855,00	Renteinntekter	161,15
BLS - sallege	8 640,00	Folkedansgruppa	1 558,00
Forsikring fane	1 277,00	Underskot	616,04
Gaver	294,00		
Numedalsnett	625,00		
Sum	49 038,69	Sum	49 038,69

BALANSE PR. 31.12.2006

<u>Aktiva</u>		<u>Passiva</u>	
Kassabeholdning	110,81	Eigenkapital 01.01.2006	67 591,54
Postbank xxxx.x9.32474	2 895,14	Underskot 2006	616,04
Bank xxxx.x0.21380	451,14		
Bank xxxx.x3.19485	51 016,41		
Lagshytta	12 000,00		
Fane	500,00		
Jubileumsbøker	1,00		
Hedersmerker	1,00		
Sum	66 975,50	<u>Eigenkapital 31.12.2006:</u>	<u>66 975,50</u>

Oslo 08.02.07


Svein Aasen
kasserar


Aasmund Flo
Revisor

Kom på Numedalshytta 24. juni 2007.

Det er folk på hytta fra kl. 11.00.



Folkekulturfestivalen 22. - 24. juni 2007

Noregs Ungdomslag inviterer til Folkekulturfestivalen 2007 i Oslo. Tema for festivalen er samdans, og på programmet finn du framsyningar, konsertar, kurs og dans.

Samtidig med Folkekulturfestivalen kan du oppleve Norsk Amatørteaterfestival. Her byr vi på det beste frå amatørteater-Noreg. Sju grupper frå ungdomslag i heile landet viser fram sine stykke. Med festivalpass kan du ta del i begge festivalane! Les meir på www.teaterfestival.no.